



Go' morgen,



RANDI BJØRLO
randi@nordhordland.no
Tlf. 56 35 55 70



ARTHUR KLEIVELAND
arthur@nordhordland.no
Tlf. 56 35 55 74



ENDRE HOPLAND
endre@nordhordland.no
Tlf. 56 35 55 77



Kvernhusmyrane 29, Knarvik senter - 5914 ISDALSTØ - TLF: 56 35 55 55 - FAX: 56 35 55 56 - avis@nordhordland.no

Ei hjartevarm jul

«No har vi vaske golvet, og vi har bør i ved, og vi har sett opp fuggelband og vi har pyntet tre». Kanskje har du ikkje kome like langt som Prøysen i hans kjende og kjære «Julekveldsvisa»? Mange av oss stressar rundt i den siste innspurten natt no - utan tid og tanke for anna enn det som hører dei heilt personlege juleførebuingane til.

I morgen er det både skitnesøndag og lille julafjarta - ein slitsom kombinasjon for mange.

Sist søndag arrangerte vi her i avisas Lysfest for 14. gong. Eit arrangement som vi håper kan vera eit kjærkome pusterom i ei travle førjulstid. Samtidig nyttar både bladstyrar, ordførar og prest sjansen til å minna om kor viktig det er å ta seg til kvarandre, og sjå dei som kvir seg til høgtida som berre er to dagar unna.

Noko av det mest rorande som har skjedd i adventstida er den vågale 88 år gamle Reidun Orest sin annonse i Aftenposten der ho ønskte seg nokon å feira jul i lag med. Hennar mot har opna døra for andre i same situasjon. Responsen ho har fått, gir håp for eit varmt og inkluderande samfunn - sjølv om vi ofte får inntrykk av det motsette.

I dagens avis kan du lesa den utrulege historien om den hjartevarme familien i Meland som har opna heimen sin for 21 born som det har hasta med å finna ein midlertidig heim for, av ymse grunnar. Eit tilfeldig møte har fort til at afrikanske Benjamin og får oppleva deira enorme varme og nestekjærelig. Slik gjer inntrykk.

Avisa har og fleire døme på at distriktet vårt er fullt av små og store som engasjerer seg for andre som ikkje har det like bra som oss som er født på den grøne grein. Den som gir av seg sjølv, får ofte dobbelt tilbake.

Vårt ønskje er at julehøgtida må bli dei gode pusterommet og by på den mellommenneskelege hjartevarmen som dei aller fleste av oss er på leiting etter i vår altfor travle kvardag.

God Jul!



Satsar mange million

Får gedigen tømmerkai på Eidsnes

LINDÅS: Det skal investerast 10-12 millionar kroner i tømmerkai på Eidsnes. Det gjer at skogbruket i Nordhordland kan gå lysare tider i møte.

ARTHUR KLEIVELAND
arthur@nordhordland.no

I går vart det klart at ein planlagt tømmerkai på Eidsnes får eit statleg tilskot på fleire millionar. Statens landbruksforvaltning har fordelt 25 millionar kroner til fem anlegg i landet. Dei fire andre - av ialt 14 aktuelle prosjekt, er i Skodje i Møre og Romsdal, i Mandal, Mosjøen og Songdal.

Svært etterlengta prosjekt

- Dette tilskotet gjer at vi kan gå igang med utbygginga av eksisterande og ny tømmerkai på Eidsnes. Det vil opna større mogleger for skogbruket i Nordhordland. Dette er eit veldig etterlengta prosjekt, seier Sigvart Hopland, leiar i Nordhordland skogeigarlag.

Med ein ny tommeterterminal vil transportsituasjonen i skogssekinga bli ein heilt annan enn i dag. Dårlege kommunale- og fylkesvegar gjer tommertransporten både tungvindt og dyr. Eit oppgradert og betydeleg større kaianlegg på Eidsnes vil effektivisera transporten veldig mykje, seier Helge Kårstad i Kystskogbruket.

I mange år framover

I dag går det årelag 20.000 kubikk over tømmerkaien på Eidsnes. Med eit nytt anlegg er det kalkulert med 85.000 kubikk over kai per år frå 2015. Totalt handlar det om eit volum på 2,2 millionar kubikk tømmer i 25 års perioden fram til 2040.

Det er no skogreisinga frå 1960-talet og utover giv seg utslag i hogstmogen skog. Difor er det store volum som kan takast ut i Nordhordland i mange år framover.

- Det er med andre ord store dimensjoner vi snakkar om. Med eit nytt anlegg, med forlenging av dagens kai, vil vi få ei mykke betre handtering av tommaret, seier Sigvart Hopland.

10-12 millionar

Hopland håper han fylkeskommunen også vil følgja opp med tilskot til tommeterterminalen, som truleg vil få ein kostnad på 10-12 millionar kroner.

Med utbygginga som Skogeigarlaget legg opp til på Eidsnes, vil anlegget få ein



kaifront på 125 meter, med eit baklager på ca 14 dekar. Leiaren i skogeigarlaget slår fast at tommerkaien, som ligg fritt til langs Osterfjorden, vil vera svært tenleg for skogbruket i dette området i lang tid framover.

Frå Sognefjorden til Fanafjorden

Ikkje berre Nordhordland vil nyta godt av denne satsinga, dette blir også eit anlegg for heile området frå Sognefjorden til Fanafjorden.

- Eidsnes-kaien ligg svært sentralt til for store område, seier Hopland.

- Betre og meir effektiv handtering av tømmeret vil gi økonomisk gevinst for alle ledd i kjeden, supplerer Helge Kår-

stad. - Eit anna moment er at ein betydeleg auke i sjøtransport av tommert, også vil gje ein betydeleg miljøgevinst, framhevar Kårstad.

God kvalitet på trevirke

For dei som tvinar på kvaliteten på grana i Nordhordland, gir Kårstad klart svar.

- Den lokale skogen er gjennomsnittleg av minst like god kvalitet som andre stader i landet.

Nordhordland skogeigarlag eig det eksisterande tømmerkai-området på Eidsnes, med ein kaifront på 60 meter og eit planert baklager på 12 dekar.

Det nye anlegget vil også opna for flisproduksjon til eit biovarmeanlegg, t.d. i



DAGRUN STOKKE
dagrun@nordhordland.no
Tlf. 56 35 55 75



MORTEN SÆLE
morten.saele@nordhordland.no
Tlf. 56 35 55 73



IRENE B. JENSSSEN
irene.jenssen@nordhordland.no
Tlf. 56 35 55 71

Kjem ut onsdag og lørdag • Sjå www.nordhordland.no for prisar og info. Redaktør Randi Bjørlo: 56 35 55 70 - Marknadssjef Roger Myhr: 56 35 55 60

Risnes klar for sjømannskyrkja
Knut Risnes har fått innvilga tre månader permisjon frå vernet som kommunitetstyremedlem i Austrheim. Frå 7.januar til 12.april neste år skal han gjera teneste ved Sjømannskyrkja på Lanzarote. Risnes er også vararepresentant til formannskapet.

PFU

Nh ønsker å retta seg etter reglar for god presse-nokkлик dicsse er nedfelt i VarVorsom-plakaten. Om nokon meiner seg rammet av urettmessig omtale, oppfordrar vi til å kontakte redaksjonen. Du kan også haile til oss Mage for Pressens Faglig Utvalg, Rådhusgt. 17, pb. 40, Sentrum, 0101 Oslo
tlf: 22 40 50 40. E-postadresse: pfu@np.no
Avfotografering og annan bruk av bilde må til å arkivera i dokumentasjonen til å utstilla eller distribuera stoff som ikke er eige eller utgitt av Nh, i elektronisk eller annan form - unntatt gjennom eigen database- eller gjennom samarbeidspartnarar som avisa har avtale med. Avfotografering av stoff og annonsar for vidare produksjon er ikkje tillate utan etter avtale med Nh.

TIPS OSS!
916 20 916

Opprustar badeplass og Nordsjøløypa

FEDJE: Fedje kommune skal oppgradera øyfolket sin badeplass. Hilde Koppen (A) fekk i kommunestyret full støtte fo å investera 300.000 kroner til dette nærmiljøtiltaket. Det skal lagast ein plan for opprustinga, som skal leggast for formannskapet.

Ottar Tangen (FrP) fekk dei folkevalde med seg på å fortsetja grus-singa av Nordsjøløypa frå Storevatnet mot Tresneset. Forsлага vart vedteke som verbalpunkt i 2013-budsjettet.



SER LYST PÅ FRAMTIDA: Eit statleg tilskot på fleire millionar kroner til ein stor tommerterminal på Eidsnes er ein flott julepresang for skogbruksnæringa. Dette er eitt av fem prosjekt som får statstilskot. – Det ligg til rette for ei stor satsing på skogbruk i Nordhordland i mange år framover. Den forlenga kaifronten og større baklager vil effektivisera handtering og transporten av tømmer i betydeleg grad, seier frå venstre Helge Kårstad i Kystsksogbruket, Olav Steinar Namtvædt i Nordhordland bioenergi, Sigvart Hopland, styreleiar i Nordhordland skogeigarlag, og landbrukssjef Nils Kolasas i Lindås kommune.

Knarvik.

Ligg til rette for biovarmeanlegg

– Vi jobbar med konkrete planar, og utbygginga som no er planlagt på Eidsnes vil absolutt leggja forholda endå betre til rette for biovarmeanlegg. Vi er avhengig av å få det offentlege med på laget for å koma vidare, seier Olav Steinar Namtvædt, styreleiar i Nordhordland bioenergi.

– Når vi først har eit konkret anlegg å

visa til, trur eg det vil gå så det susar, seier Namtvædt.

Statens Landbruksforvaltning legg i si vurdering vekt på at næringsinteressenster utanom skogbruket også deltar i utbygging og finansiering, og er interessert i framtidig bruk av kaiarleget.

Reguleringsplan snart ferdig

Lindås kommune er i sluttfasen med reguleringsplanarbeidet for det nye tømmerkaianlegget på Eidsnes. Så langt er

det ingen ting som tyder på at nokon kjem til å stikka kjeppear i hjula for prosjektet.

Reguleringsplanarbeidet omfattar også eit stort privat næringsområde på nabotomta. Også der skal det etablerast djupvasskai for utskiping av gods og varer.

SONDAGSÅPENT
PÅ LINDÅS OG FREKHAUG!
KL. 14-17

trend **SKRUF** Lindås 56369490
Frekh. 56177010

JULEGAVER
med mening!



Durofix skru/boremaskin i koffert
2 gnr. Med 2 batteri, Bits- og borsett, lykt og 15 minutters lader.

949,-



DREMEL 300 Black Edition
45 delers tilbehørssett, 5. stk. forsatser.
Leveres i praktisk verktykkasse.

R M REIGSTAD MaskinSENTER AS
Reikeråsbygget 5914 Isdalstø
Tlf. 56 35 79 90
www.reigstad.no